

Årsrapport for Strandebarm Sokneråd for året 2021

Medlemer i soknerådet :

Olav Tombre (leiar, skrivar), Kåre Milje (nestleiar), Åse Sandnes Fosse, Anne Marie Bogetveit Berge, Bodil Stranden, Arne Gjerstad, Torunn Baldersheim, Anne-Kristin Torsnes Fosse og sokneprest Roar Strømme
 Varamedlemmer: Inger Ljones Måkestad, Lillian Hjartåker Fosse, Lina Chandrike Berge, Siv Ljones, Alvhild Tveitnes

Representantar i Kvam Kyrkjelege fellelråd:

Olav Tombre (vara er Torunn Baldersheim) og Kåre Milje (vara er Arne Gjerstad)

Årsmøtet 2021 vart ikkje halde grunna nedstenging av coronaomsyn.

Soknerådet har hatt 5 møter og 31 saker er handsama i 2021.

Litt frå års-statistikken (2020 i parentes)

Gudstenester: 31 (24) På Strandebarmsheimen: 0 (0) gudstenester og 12 (8) andaktar.

Døypte: 13 (12) Konfirmerte: 9 (19) Vigsel: 10 (0) Gravlagde: 14 (17)

Samla offer var kr. 31 520 (kr. 24 188).

Arbeidet i kyrkjelyden

Gudstenestene

Vanlegvis har det vore gudstenester annankvar sundag med felles gudstenester for alle sokna i sommarmånadene. Tilsaman har 918 (1276) delteke. Grunna Coronaomsyn har mange gudstenester vorte avlyst, men det er blitt laga digitale gudstenester til alle søndagar der dei fysiske gudstenestene er blitt avlyste.

2. pinsedag (24 mai) var det pilgrimsvandring frå Haukås til Holsete. Soknerådet ynskjer å halda fram med dette.

Søndag 11. juli vart det skipa Friluftsgudsteneste på Åse. Det er også ein fin tradisjon.

Dåps-samtalar

Dei aller fleste borna i bygdene våre vert døypte i kyrkja, og presten har alltid samtale med foreldre på førehand.

Tiltak for born og ungdommar (trusopplæring)

Babysong: Dette er for dei aller minste. I år var det ingen frå Strandebarm, men alle i målgruppa i Kvam får tilbodet.

Trusopplæring-tilstellingar:

Krølletreff som vart skipa 19. mai. Treffet var innhaldsrikt og vellukka. 19 barn deltok (73% av 26 som ble inviterte)

4-årsbok: 9 barn deltok (82% av 11 som var inviterte)

Skulestartbok; Det har vore 2 samlingar for dei som skal byrja på skulen. Ei samling onsdag ettermiddag i kyrkja og så var det utdeling av skulestartbok på gudstenesta 6. juni. 7 deltakere (70% av 10 inviterte) + 2 til som fikk bøker uten at de var med på hverken førsamling eller gudstjeneste med bokutdeling.

Konfirmant: 9 konfirmantar

Samling med prestevikar (Marna Roer, fyrste halvår) og kateketen i kyrkjelydshuset omtrent annakvar veke. Ingen fysisk innsamling med konfirmantane til fasteaksjonen (Kirkens Nødhjelp) pga. koronaomsyn.

Konfirmantleiren vart avlyst og konfirmasjon vart utsett til hausten 2021.

Konfirmantjubileet

Det vart ikkje skipa Konfirmantjubileum i 2021.

Diakoniarbeid

Også diakoniarbeider har lide under pandemirestriksjonane. Kyrkjekaffi, temakveldar, m.m., som er viktige møteplassar for samkjensle og fellesskap, har såleis ikkje vore råd å skipa til. Men soknepresten og organistane har stort sett kunna halda fram med samlingar på Strandebarmheimen, som ein samarbeider godt med.

Andre arrangement dette året

Det var soknerådet som dette året hadde ansvar for talen og kransenedlegginga ved bautaeen utanfor kyrkja 17. mai.

Konsertar i kyrkja

Strandebarm songlag hadde konsert i kyrkja søndag 19. desember.

Kyrkjebygget og gravplassen

Soknerådet er uroa over tilstanden for kyrkja. Det som særleg merkjer seg ut er stoda for kyrkjetaket. Det er ikkje kjent for soknerådet at det har vore særleg vedlikehald på taket sidan kyrkja vart reist i 1876. Det seier seg sjølv at hellefestene difor er dårlegare. Det er i 2021 registrert at fleire heller på hovudtaket har sege ut av stilling, og at det såleis er god grunn til å tru at det kan vera fare for framtidig nedfall av heller. Dette er grunnen til at gangvegen langs langsiden på kyrkja har vore sperra for ferdsel sidan i haust. Det er også registrert vasslekkasje inn på sutaket, men førebels utan særleg rote.

Vindauga i kyrkjetårnet treng vøla straks. Kittinga på glasa er i dårleg forfatning og det er lekkasje i og kring karmen. For å hindra øydelegging håpar soknerådet at dette vert reparert i 2022.

Soknerådet ynskjer at det vert gjort ei grundig undersøkjing av totaltilstanden på kyrkja i 2022.

Dugnad på kyrkjegarden 6. mai. Dugnaden var initiert av Fellestrådet, men organisert av soknerådet. På kort varsel hadde me ein vårdugnad på kyrkjegarden i Strandebarm. Heile 14 personar gjorde ein stor innsats et par timar. Folk både frå og utanfor soknerådet. Det vart kosta, raka, klypt buskar, fjerna røter.

Ny dugnad 31. august der ein hadde grus utover gangstien og luka ugras og skrapte vekk mose. 7 personar deltok.

Den store almen på nordsida av kyrkja er no skoren ned og fjerna grunna mykje rote i stamma. Almen ved hovedinngangen er stussa ved at rotne greiner er fjerna.

Kyrkjelydshuset

I kyrkja sitt arbeid har huset vore mindre brukt i 2021 grunna koronaomsyn. I tillegg har det

også vore nytta til 2 (6) minnesamvær, 2 (3) dåpsfestar, 1 konfirmasjonsfest, 1 åremålsdag, og samlingar i ulike lag/organisasjonar.

Kulturkveld; Torsdag 2. desember; Hans Fosse; «Gamalt i Strandebar. Arngunn Timenes Bell og elevar frå Kvam kulturskule sto for musikkinnslag.

Kyrkjebladet

Det kom ut to nummer av Kyrkjeblad for Strandebar i 2021, et til påske og et til jul. Soknerådet vil freista å få til fleire nummer i 2022, under føresetnad at det kjem inn meir bladpengar.

Kyrkjeblad for Kvam har i 2021 vore fulldistribuert også i Strandebar, med unnatak av Gravdal, Mundheim og Oma.

Kyrkjeleg tilsette i 2021

Sokneprest i Strandebar og Vikøy:	Roar Strømme
Sokneprest i Øystese og Ålvik:	Lars Arne Vik
Kyrkjeverje/dagleg leiar:	Sigridd Karoline Eriksen-Tufteland
Sakshandsamar på kyrkjekontoret	Anne Kari Sørheim
Organistar:	Margrete Lid Kjosås og Sevinj Asgarova Øvrehus
Kateket:	Mampion Andriamandimby
Konfirmantlærer:	Marna Roer
Kyrkjetenar:	Monica Sørstrømmen Skogvoll. Vikar: Lillian Fosse
Klokkar:	Lillian Fosse
Avdelingsleiar på kyrkjegarden:	Heine Ugletveit

Avslutning

· Soknet sine kulturtilskipingar med låg, kyrkjeleg terskel har gjerne svært stor oppslutnad i Strandebar, og samlar folk også frå resten av Kvam.

Soknerådet sitt ynskje er at folk skal kjenna seg heime i kyrkja og oppleve at

- der er det rom for alle
- der får ein lytta til song /musikk som kan gje ein noko som er ulikt det ein vanlegvis høyrer
- der får ein høyra gamle tekstar, om ulike menneske sitt forhold til kvarandre, om menneske sitt forhold til Gud og Guds forhold til menneske
- der får ein høyra på bønner som er nære, men også bønner som også får ein til å heva blikket

Soknerådet vonar at det nye året skal verta meir normalt, og at det vert råd å ha normale aktivitetar i kyrkja og kyrkjelyden i det nye året. Ikkje minst at det diakonale arbeidet kjem i normalt gjenge. Me ser fram til igjen få høve til å servera kyrkjegjengarane kyrkjekaffi og ein god drøs i kyrkja.

Strandebar, 4. mars 2022

Olav Tombre